

Forskrift om jakttid og døgnregulering av jakt etter grågås i Haram, Sandøy, Aukra, Vestnes, Rauma, Halså, Smøla, Kristiansund og Surnadal kommunar, Møre og Romsdal

Fastsett av Statsforvaltaren i Møre og Romsdal 20. juli 2022 med heimel i forskrift 21. januar 2022 om jakt- og fangsttider samt sanking av egg og dun for jaktseongane frå og med 1. april 2022 til og med 31. mars 2028 § 3 punkt 1 bokstav a.

§ 1.

Det blir opna for tidlegare jaktstart på grågås i kommunane Haram, Sandøy, Aukra, Vestnes, Rauma, Halså, Smøla, Kristiansund og Surnadal med bakgrunn i lokale forvaltningsplanar for grågås for desse kommunane.

§ 2.

Det er opna for jakt på grågås med følgjande døgnregulering og avgrensing av dagar innafor område med følgjande geografisk avgrensing fram til ordinær jaktstart 10. august:

Kommunar	Dagar og døgnregulering	Områdeavgrensing*
Den delen av Ålesund som tidlegare het Sandøy	26. juli–9. august kl. 16.00–22.00	Innmark med maskinell slått og inngjerda beite som blir gjødsla samt 30 m randsoner kring desse.
Aukra, Halså og den delen av Ålesund som tidlegare het Haram	26. juli–9. august kl. 24.00–10.00	Innmark med maskinell slått og inngjerda beite som blir gjødsla samt 30 m randsoner kring desse.
Rauma	26. juli–9. august kl. 02.00–10.00	Innmark med maskinell slått og inngjerda beite som blir gjødsla samt 30 m randsoner kring desse.
Vestnes	26. juli–9. august kl. 04.00–10.00	Innmark med maskinell slått og inngjerda beite som blir gjødsla samt 30 m randsoner kring desse.
Smøla	26. og 30. juli, 3. august og 8. august kl. 03.00–10.00	Innmark med maskinell slått og inngjerda beite som blir gjødsla samt 30 m randsoner kring desse. Frå 3. august 2 utmarksområde vist i kart til forvaltningsplan for grågås på Smøla i samsvar med Fylkesmannen si godkjenning av planen i vedtak 20. juni 2017.
Smøla	28. juli, 1. august, 5. august og 9. august kl. 16.00–22.00	Innmark med maskinell slått og inngjerda beite som blir gjødsla samt 30 m randsoner kring desse. Frå 3. august 2 utmarksområde vist i kart til forvaltningsplan for grågås på Smøla i samsvar med Fylkesmannen si godkjenning av planen i vedtak 20. juni 2017.

Kommunar	Dagar og døgnregulering	Områdeavgrensing*
Kristiansund	26. juli–9. august kl. 24.00–10.00	Innmark med maskinell slått og inngjerda beite som blir gjødsla samt 30 m randsoner kring desse.
Surnadal	26. juli, 29. juli, 1. august, 4. august, 7. august, 9. august kl. 24.00–10.00	Innmark med maskinell slått og inngjerda beite som blir gjødsla samt 30 m randsoner kring desse. For nedre Surnadal: innafor kartfesta jaktsoner som vist i forvaltningsplan for grågås for Surnadal i samsvar med Fylkesmannen si godkjenning av planen i vedtak av 19. juni 2019

* For område der det er forbod mot jakt i medhald av vern etter naturmangfoldloven eller naturvernloven, må det vere gitt dispensasjon frå verneforskriftene for at jakt skal vere lovleg.

§ 3.

Denne forskrifta tek til å gjelde straks, og gjeld fram til og med 31. mars 2028.

§ 4.

Statsforvaltaren kan endre eller oppheve denne forskrifta dersom det er naudsynt.